

# HANDLINGSPLAN

## ELEVANE SITT PSYKOSOSIALE LÆRINGSMiljø PÅ SØRESTRANDA SKULE OG SFO, 2019/2020

Innhald i planen

### 1. Innleiing

- Sørestranda skule og SFO si forståing av omgrep i planen

Del 1

- Lovverk
- På Sørestranda skule og SFO legg vi vekt på
- Autoritativ klasseleiing
- Stopping- konfrontasjonssamtale -etterarbeid
- Årshjul

Del 2

- Avdekking, rutinekart
- Rutinar for dei ulike fasane i problemløysinga
- Sjekkliste for systematisk arbeid med §9A

Vedlegg ; Skjema Aktivitetsplan og varslingsplan. Desse finn de også i Visma Flyt

Edna Lillebø Krøvel  
-rektor Sørestranda skule og SFO  
Oktobe 2019



## **1. INNLEIING**

Elevar på Sørestranda skule og SFO skal ikkje verte utsett for krenkande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald, rasisme og utestenging på skulen eller på skulevegen.

Planen handlar om elevane sitt psykososiale miljø, og bygger på følgende prinsipp:

1. Førebygging og haldningsskapande arbeid

✓ Tiltak som reduserer risikoen for at elevar vert utsett for krenkande ord og handlingar

2. Avdekking

✓ Metodar og rutinar skulen brukar for å avdekke at elevar vert utsett for krenkande ord og handlingar

3. Handtering, tiltak og sanksjonar

✓ Tiltak og rutinar for problemløysing

✓ I forhold til sanksjonar skulen kan bruke overfor elevar som utøver krenkande ord og handlingar, syner ein til skulen og Sykkylven kommune sitt ordensreglement.

4. Kontinuerleg, langvarig og systematisk arbeid

✓ Skulen sitt systematiske arbeid i forhold til å sikre elevane eit godt psykososialt læringsmiljø

Utdanningsdirektoratet har utarbeidt materiell til både elevar, føresette og tilsette.

<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/skolemiljo/informasjon-til-foreldre/>

Sørestranda skule og SFO sin plan er meint som presisering og konkretisering av sentralrettleiing med lokale tilpassingar, malar og skjema

Skulen sin handlingsplan for eit godt skolemiljø er ein lovpålagt plan.

Sørestranda skule og SFO sin plan er todelt;

Del 1 : Opplæringslova og generell plan for korleis skulen arbeider for betra læringsmiljø.

Del 2 : Rettleiing for tilsette som går meir detaljert til verks på korleis ein skal arbeide i ulike situasjonar.

Utover dette ligg fellesaktivitetar på tvers av klassene, avtalt på klassenivå.

## **SØRESTRANDA SKULE OG SFO SI FORSTÅING AV ;**

- a) Mobbing ; «Mobbing er fysiske eller sosiale negative handlingar , som vert utført gjentekne gongar over tid av ein person eller fleire saman, og som vert retta mot ein som ikkje kan forsvare seg i den aktuelle situasjonen» (Roland)
- b) Diskriminering; Forskjellsbehandling av elevar ein ikkje kan grunngje utifrå behov for tilpassa opplæring/nedsett funksjonsevne
- c) Vald ; Påføre andre fysisk eller psykisk smerte eller skade. Dette gjeld både barn og vaksne
- d) Rasisme; Haldningar og handlingar retta mot medmenneske på bakgrunn av nasjonalitet, utsjånad, religion, kultur og etnesitet
- e) Krenking ; «Krenking vert brukt som eit overordna omgrep som femnar både mobbing, diskriminering, vald og rasisme. Mobbing er ei form for krenking som vert kjenneteikna av gjentaking og ulikt styrkeforhold mellom den/dei som mobbar og den som vert utsett for mobbinga. Krenkingar kan vere basert på enkelte episodar, der eit ulikt styrkeforhold ikkje nødvendigvis er til stade. (Tinnesand, Læringsmiljøsenteret)
- f) Nulltoleranse; Vere bevisst på, og strebe etter å utføre total avstand mot krenking, mobbing, vald, diskriminering og trakkassering
- g) Utestenging; Å halde nokon utanfor med ord, handlingar, blikk, ikkje få svar og kropps-språk
- h) Stoppsamtale; Første samtale med elev når krenking har vorte avdekkja. Konfrontere elev med uønska åtferd som SKAL stoppe. Vidare samtale med «offer» for krenkinga, vidare informere føresette

### **Anna uønska åtferd;**

- åtferd som bryt med skulen og kommunen sitt ordensreglement.
- Elevar kan vert utsett både direkte og digitalt. Alt som gjer at ein elev ikkje opplever ein trygg og god skulekvardag, vedkjem skulen. Også plaging som skjer på fritida.



## **Referansar til omtala omgrep**

### Autoritativ klasseleiing

«I daglegtalen kan vi høre at autoritative lærarar er «høye på varme og høye på kontroll». Det tyder at dei på ein skala både har mykje varme og kontroll. Dette, til forskjell frå ein autoritær lærar som har lite varme og mykje kontroll, eller ein ettergivande som har mykje varme og lite kontroll. Det vil eigentleg seie at førstnemnde kombinerer relasjonsbygging med grensesetting.

Kjenneteikna til autoritativ leiing er at den legg vekt på positiv relasjonsbygging og grensesetting. Dei to dimensjonane er ikkje motsettingar, men godt integrert og samkøyrt. Forsking på omgrepet autoritativ klasseleiing, har vist at det er to omgrep, men at det er ein sterk samanheng mellom dei (Ertesvåg, 2011).

Relasjonar vert bygd gjennom aktivitet og kommunikasjon. Aktivitet og anna aktivitet treng struktur og grenser.( Unni Vere Midthassel).

«Ein autoritativ profil frå læraren si side er med stor sikkerheit den beste oppskrifta for å oppnå eit godt miljø; både sosial tryggleik og læringstrykk. Ein slik profil er prega av både støtte og kontroll, knytt til tydelege standarder. Det autoritative perspektivet handlar om å forhalde seg til to aksar- kontroll-realsjon. Gode relasjonar til elevane vil medverke til at grensesetting får større gjennomslag og vert meir varige» (Roland)

### Stopping- konfrontasjonssamtale

Alle krenkingar ein er vitne til skal stoppast med ein gong. I tilfelle der mobbing vert avdekt er det nødvendig med ein grundig og korrekt prosess når ein skal stoppe det. Det vert anbefalt å nytte konfronteringsmetoden.

Når mobbing er avdekkja gjennom undersøking, observasjonar eller opplysningar fra medelevar og foreldre , må skulen handle.

Prisippa i konfronteringsmetoden er velprøvde og effektive;

- Mobbing skal aldri meklast
- Samtalane med dei involverte elevane og føresette bør takast av kontaktlærar, dersom dette er ein lærar som har tillit, er trygg og har ein god relasjon til elevane. Dersom dette ikkje er tilfelle, må ein annan ta saka. Det kan vere ein anna lærar eller leiing. PPT kan også vere den som gjer det.
- Det er viktig å følgje opp sakene med nye samtalar og observasjonar etter at plaginga har stoppa. Om nødvendig ta ny konfronterings-samtale.



## **DEL 1**



### **LOVVERK**

#### Kapittel 9 A. Elevane sitt skulemiljø

Opplæringslova seier følgjande om arbeid med elevane sitt psykososiale læringsmiljø:

##### **§ 9 A-1.Verkeområde for kapittelet**

- kapittelet her gjeld for elevar i grunnskulen og den vidaregåande skulen.  
Kapittelet gjeld òg for elevar som deltek i leksehjelp-ordningar og i skulefritidsordningar, med unntak av §§ 9 A-10 og 9 A-11.

##### **§ 9 A-2.Retten til eit trygt og godt skulemiljø**

- Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.

##### **§ 9 A-3.Nulltoleranse og systematisk arbeid**

- Skulen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering.

Skulen skal arbeide kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald av kapittelet blir oppfylte. Rektor har ansvaret for at dette blir gjort

##### **§ 9 A-4.Aktivitetsplikt for å sikre at elevar har eit trygt og godt psykososialt skulemiljø**

- Alle som arbeider på skulen, skal følgje med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø, og gripe inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering dersom det er mogleg.
- Alle som arbeider på skulen, skal varsle rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Rektor skal varsle skuleeigaren i alvorlege tilfelle.
- Ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, skal skulen snarast undersøkje saka.
- Når ein elev seier at skulemiljøet ikkje er trygt og godt, skal skulen så langt det finst eigna tiltak sørge for at eleven får eit trygt og godt skulemiljø. Det same gjeld når ei undersøking viser at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.
- Skulen skal sørge for at involverte elevar blir høyrd. Kva som er best for elevane, skal vere eit grunnleggjande omsyn i skulen sitt arbeid.

## **§9 A-5. Skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som arbeider på skulen, krenkjer ein elev.**

Skulen skal lage ein **skriftleg plan** når det skal gjerast tiltak i ei sak. I planen skal det stå

- ✓ kva problem tiltaka skal løyse
- ✓ kva tiltak skulen har planlagt
- ✓ når tiltaka skal gjennomførast
- ✓ kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka
- ✓ når tiltaka skal evaluerast.

Skulen skal dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta etter første til femte ledd.

### **I Visma Flyt finn de skjema til bruk;**

- Varslingsskjema ved kjennskap til eller mistanke om brot på kap 9A
- Aktivitetsplan/logg i saker som kjem under kap 9A

### **På Sørestranda skule og SFO legg vi vekt på;**

- at det vert arbeidt kontinuerleg, langvarig og systematisk med elevane sitt skolemiljø
- at skulen, elevane og føresette samarbeider om det førebyggande og haldningsskapande arbeidet
- at tydeleg leiing er ei forutsetning for å førebygge, avdekke og handtere krenkande ord og handlingar
- at alle tilsette ved skulen har ei handlingsplikt til å undersøke, varsle og gripe inn dersom dei får kunnskap eller mistanke om at ein elev vert utsett for krenkande åtferd
- at det skal utarbeidast planar med tiltak
- at skulen si evne til kommunikasjon og samarbeid er avgjerande for at arbeidet skal lykkast
- auka læring og utvikling for elevane, og eit inkluderande læringsmiljø
- kollegarettleiing/praksisdeling om verktøy i profesjonelt læringsfellesskap og kollektiv kompetanseutvikling
- aktiv bruk av resultater i kartleggingane
- at pedagogisk analyse skal nyttast som verktøy i etterkant av kartleggingane

Elevar kan av ulike årsaker trenge tilrettelegging for å fremme måla i §9A. Tett samarbeid med elev og føresette er viktig i slike saker. Utarbeid gjerne ein plan, eller ta punkt med i IOP dersom eleven har det.

Dersom eleven treng medisinering, husk avtaleskjema.



## ÅRSHJUL

	Aktivitet	Korleis	Ansvarleg
August	Gjennomgang av skulen og kommunen sitt ordensreglement.  Gjennomgang årshjul for førebyggande arbeid med §9a  Fadderordning  Klasseregler  Foreldremøter  Leikepatrulje/heile året  Mitt val ( timeplanfesta)/ heile året  Samarbeid på tvers av klasser/heile året	Personalmøte  Personalmøte  Klassenivå  Klassenivå  Klassenivå  Klassenivå  Klassenivå  klassenivå	Leiing  Leiing  kontaktlærar  kontaktlærar  kontaktlærar  kontaktlærar  kontaktlærar  kontaktlærar/lærar
September	Elevråd  Spekter  Relasjonskartlegging ,bruk klasselister (fargekart)	Val klassenivå  1-3.klasse i samband med elevsamtales  4-7.klasse på nettet  På teamnivå	kontaktlærar  kontaktlærar  Teamleiar/leiing
Oktober	Etterarbeid spekter Etterarbeid relasjons-kartlegging  Elevsamtaalar  Foreldresamtalar/utviklings-samtalar (oktober/november)	Klasse/team-nivå  klassenivå  klassenivå	Kontaktlærar/lærar  kontaktlærar  kontaktlærar
November	Elevundersøking udir 7.kl  Analyse for å sjekke ut elevane sin relasjon til vaksne .(for å	Nettbasert  skjema	Kontaktlærar  Kontaktlærar/lærar

	sikre bedre relasjoner til elevar.)		
Desember	Samarbeid om program til julefesten	teamnivå	team
Januar	Arbeide med resultat frå elevundersøkinga	Klassenivå personalmøte	Kontaktlærar Leiing
Februar	Spekter	1-3.klasse i samband med elevsamtales 4-7.klasse på nettet	kontaktlærar
Mars	Etterarbeid spekter, sjå vedlegg  Elevsamtaalar	Klasse/team-nivå klassenivå	Kontaktlærar/lærar Kontaktlærar
April	Foreldresamtalar/utviklings-samtalar	klassenivå	Kontaktlærar
Mai	Overføringsmøter barne-hage-skule Overføringsmøter barne-skule-ungdomsskule		Kontaktlærar Leiing
Juni	Felles aktivitetsdagar	Alle klassene	Alle

## DEL 2

### Avdekking

Sørestranda skule skal i det daglege arbeide med å avdekke tilfeller av mobbing, diskriminering, vold og rasisme. Alle tilsette ved skulen har **handlingsplikt** som betyr;

- ✓ plikt til å gjere undersøkingar raskt
- ✓ plikt til å varsle leiing
- ✓ plikt til å gripe inn

Avdekking kan vere at tilsette, elevar eller føresette melder frå om hendingar der nokon opplever krenkande ord og handlingar. Skulen skal då sikre at elevane si subjektive oppleving kjem fram, og at tiltak vert sett i gong så raskt som mogeleg. Føresette kan klage på skulen sin tiltaksplan til Fylkesmannen. Alt skal dokumenterast.

Sørestranda skule og SFO har følgjande rutiner for avdekking;

Rutine	Ansvar
Bruk av SPEKTER kartlegging for 1.til 7.klasse i september og februar. Desse skal brukast i utviklingssamtalen/elevsamtalen	Kontaktlærar/leiing
Årleg undersøking gjennom elevundersøkinga. Undersøkinga vert gjennomført i 7.klasse	Kontaktlærar/leiing
Årleg tema på foreldremøter, elevråd og skulemiljøutvalg/SU	Kontaktlærar/leiing
Vakt- og tilsynsordningar	Alle/leiing

## FASAR I PROBLEMLØYSINGA

Oppgåve	Ansvar	Dokumentasjon
Undersøkingar og observasjon vert sett i gong umiddelbart	Kontaktlærar/leiing	Varslings-skjema
Samtalar med eleven som opplever seg krenka. Dette for å skaffe informasjon og gi støtte. Skulen skal sikre at eleven si subjektive oppleving kjem fram	Kontaktlærar/leiing	Referat / Logg i Visma Flyt
Handlingsplan skal utarbeidast i samråd med elev og/eller føresette. Samtale med føresette til eleven som kjenner seg krenka. Det er skulen sitt ansvar å legge til rette for eit godt samarbeid når det gjeld tiltak som kan/bør gjerast	Kontaktlærar/leiing	Aktivitetsplan/ Visma Flyt
Samtale med eleven som utfører krenkinga. Er det fleire som plagar, skal det snakkast med éin om gongen. Målet med samtalen er å gi beskjed om at åtferda er uakzeptabel, og må <b>stoppe</b> umiddelbart. Det skal også gjerast avtale om oppfølging	Kontaktlærar/leiing	Referat / Logg i Visma Flyt
Samtale med føresette til den som krenkar.	Kontaktlærar/leiing	Referat / Logg i Visma Flyt
Handlingsplanen skal endrast og evaluerast til problemet er slutt	Kontaktlærar/leiing	Referat / Logg i Visma Flyt

## OPPFØLGING AV SPEKTER:

Det er mogeleg å arbeide med Spekter på fleire måtar.

Refleksjonar over funn ein gjer, er med på å få betre oversikt, gjere «klassebildet» meir konkret, og ein kan bruke det for å utarbeide strategiar og tiltak.

Tips til spørsmål når du skal arbeide med funn/resultat;


- Korleis stemmer resultata med mine forventingar?
- NN får høg score på fleire av spørsmåla/ positive. Korleis kjem dette konkret til uttrykk i klasserommet eller i friminutta?
- Korleis forklarar vi at ingen vel NN?
- På kva måte speglar resultata det vi observerer?
- Kva overraskingar er det i resultata?
- Kan resultata vere påverka av hendingar siste dagar, før gjennomføringa?
- Bidreg dei vaksne til at relasjonane mellom elevane vert som dei vert?

- følg med
  - grip inn
  - varsle
  - undersøkje
  - sette inn eigna tiltak
  - evaluere og dokumentere
- 
- ansvar; kontaktlærar  
timelærar  
adm

Informasjonsinnhenting/observasjon;

- Definere kjenneteikn ein skal sjå etter ; Blikk, kroppsspråk, kommentarar, ignorering, dei som går åleine, elevar som vandrar m.m.
- Definere kvar ein skal observere

Innleiande analyse;

- avdekke mobbing
  - identifiser event einsame/isolerte elevar
  - gjennomgang ressursar på klassen
- 
- kontaktlærar  
timelærar  
assistent

Informert/analyserande samtale med involverte;

- innan ei veke etter gjennomføring av Spekter
- samtalens bør ha ei tidsramme på 15-20 minutt for å få utdypande informasjon

## **SJEKKLISTE FOR SYSTEMATISK ARBEID MED § 9a VED SØRESTRANDA SKULE OG SFO**

Tema/mål for skuleåret	Når
Rutinar tilsette	Leiinga går gjennom skulen sin plan for trygt og godt skolemiljø
	Alle tilsette får planen utdelt, og veit kvar den ligg i g-suite/ Risk manager
	Alle tilsette får opplæring i kapittel 9a ved skulestart ,og alle har forståing for prosedyrene som skal følgast.
	Det er utarbeidt felles forståing av kva vi legg i dei ulike omgropa, sjå lenger framme i planen. Elevane skal orienterast om omgropa
	Alle veit kva aktivitetsplikta er, korleis den skal utøvast, og korleis det skal dokumenterast at aktivitetsplikta vert følgt opp.
	Alle får lenke til rundskriv, UDIR-3-2017: <a href="https://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/finn-regelverk/etter-tema/Laringsmiljo/skolemiljо-udir-3-2017/">https://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/finn-regelverk/etter-tema/Laringsmiljo/skolemiljо-udir-3-2017/</a>
handlingsplanar	Dette planverket er Sørestranda skule og SFO sin plan for det førebyggande arbeidet mot krenking og mobbing.
	Planen inneholder beskriving av konkrete mål og handlingar/kva som skal skje.
	Planen har oversikt over tidsrom og ansvar for gjennomføring
	Planen seier noko om tidspunkt for evaluering, og på kva nivå
	Planen seier når og korleis tiltaka skal handsamast, og kven som skal medverke.
	Planen seier at arbeidet skal dokumenterast.
Førebyggande arbeid på flere arenaer	Elevar skal involverast i arbeidet med skolemiljøet ved bruk av Mitt val, leikepatruljen og klassenstime. Føresette skal involverast i utviklings-samtalar, på foreldremøter , og eventuelle temakveldar om td nettvert.
	Alle klasser skal utarbeide klasseregler der arbeidet mot krenkingar og mobbing dannar basis for reglane
	Teama på klassene/ personalmøte skal planlegge korleis skulen sitt arbeid mot mobbing

	<p>og krenkingar skal takast opp og drøftast på foreldremøte og i alle klassene. Dette for å få felles haldningars og felles forståing</p> <p>Alle elevane skal få opplæring i sine rettigheter og plikter; InnhalDET i kap 9a, kvar dei kan finne meir informasjon, korleis dei skal gå fram dersom dei sjølv eller andre vert krenka eller mobba.</p> <p>Sjå: nullmobbing.no og <a href="http://barneombudet.no/for-voksne/voksne-hjelper-barn/skole/retten-til-et-godt-skolemiljo/">http://barneombudet.no/for-voksne/voksne-hjelper-barn/skole/retten-til-et-godt-skolemiljo/</a></p>	
Rutiner	<p>Det skal gjerast analyse i alle klassene, i løpet av hausten på ;</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• om alle elevar har gode relasjoner til en lærer på trinnet.</li> <li>• om lærar sin relasjon til elevane på klassen</li> </ul> <p>Eventuelle tiltak iverksettes</p> <p>Leiinga har ansvar for gjennomgang og revisjon av dette planverket.</p> <p>Skulen skal lage aktivitetsplan når ein finn tiltak nødvendig. Skjema ligg i Visma flyt</p> <p>Tiltak skal evaluerast og dokumenterast</p>	

# **Varslingsskjema ved kjennskap eller mistanke om brot på §9A-4 eller §9A-5**

Skjema skal fyllast ut av den som får mistanke om eller kjennskap til at ein elev eller ei gruppe elevar ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Skjema skal leverast til rektor, eller den som har delegert mynde til å ta imot skjema. Rektor syter for at kontaktlærar, elev og føresette vert orientert, og at aktivitetsplan vert oppretta dersom undersøkinga syner at dette er naudsynt. Skjema skal arkiverast i elevmappa, og scannast inni elevmappa i Acos Websak.

Namn på den/dei som krenka		Klasse	
Namn på den/dei som krenkjer		Klasse	
Mobbing		Eigen observasjon	
Vald/fysisk plaging		Den krenka har varsla	
Rasisme		Medelev har varsla	
Utestenging		Føresett har varsla	
Diskriminering		Annan person har varsla	
Andre krenkande ord/handlingar			
Kort skildring av hendinga			
Namn på utfyllar			
Dato for hending/utfylling			
Namn på kontaktlærar			
Rektor har motteke varselet	(dato)		
Skulen har undersøkt saka og vurderer at der er behov for tiltak. Saka vert følgd opp i tråd med rutinar for handsaming av saker etter §9a-4 eller §9A-5.			
Skulen har undersøkt saka og vurderer at der ikkje er behov for vidare tiltak. Saka er avslutta (dato):.....			
Elev informert: dato:	Føresette informert: dato:		
Signatur:			

## Skriftlig plan for tiltak §9A - Aktivitetsplan

§ 9 A-2 Retten til eit trygt og godt skolemiljø. Alle elevar har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring. § 9 A-4 Skulen aktivitetsplikt, fjerde ledd. Når ein elev seier at skolemiljøet ikkje er trygt og godt, skal skulen så langt det finst eigna tiltak sørge for at eleven får eit trygt og godt skolemiljø. Det same gjeld når ei undersøking viser at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø.

<b>Elevn sitt namn:</b>		<b>Født:</b>	<b>Dato:</b>	
<b>Klasse:</b>			<b>Plan nummer:</b>	

<b>Kva problem skal tiltaka løyse?</b>	(Kva mener eleven? Husk at eleven si subjektive oppleving skal leggast til grunn. Skulen skal sørge for at eleven blir høyrt.)
<b>Hovudmål:</b>	(Eleven sitt namn) skal oppleve å ha eit trygt og godt skolemiljø. (Husk at eleven sitt beste skal vere eit grunnleggande hensyn i skulen si vurdering av tiltak.)

<b>Tiltak</b>	<b>Ansvarleg</b>	<b>Tidsperspektiv</b>	<b>Evaluerin g</b>
1.			
2.			
3.			
4.			

<b>Stad:</b>	<b>Dato:</b>
<b>Signatur:</b>	
Dersom du ikkje er fornøgd med kva skulen gjer for at (du/barnet ditt) skal få det trygt og godt på skulen, kan du melde saka til fylkesmannen.	